



Arkivnr: 2019/13737-1
Saksbehandlar: Lise-Merete Lien

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		28.08.2019

Høyringsuttale, NOU 2018:13, Livsopphaldsutvalet

Samandrag

Kunnskapsdepartementet har sendt ny «NOU 2018:13 Voksne i grunnskole- og videregående opplæring, finansiering av livsopphold (Livsoppholdutvalget)» på høyring med frist 30. august 2019. Livsopphaldutvalet si oppgåve er å finne løysingar og modeller for finansiering av livsopphald, med sikte på at fleire vaksne kan ta opplæring på grunnskole- og videregående nivå. Målgruppa for utgreiing og tiltak blir definert som ei heterogen gruppe med ulike behov. Utvalet har kartlagt opplæringstilbodet slik det er i dag, og kva utfordringar og hindringar målgruppa står overfor. På bakgrunn av dette har utvalet tilrådd tiltak for finansiering av livsopphald for vaksne under grunnskule- og vidaregåande opplæring. Tiltaka omfattar mellom anna dagpengar (kapittel 8), lønnsrefusjon ved utdanningspersmisjon (kapittel 9), endringar i utdanningsstøtteordninga (kapittel 10) og vaksne i grunnskuleopplæring (kapittel 11). I tillegg tilrår utvalet andre endringar, til dømes utviding av vaksenrett.

Grunngjevinga for å finansiere livsopphald for vaksne under utdanning er mellom anna at velferdssamfunnet er avhengig av høg yrkesdeltaking, og at fullført vidaregåande utdanning aukar sjansen for varig tilknytning til arbeidslivet. Utvalet ønskjer trinnvis iverksetting av tiltaka basert på vilkårleg utval for å undersøke effekten. Grunngjevinga for dette er at alle tiltaka er kostbare å innføre i fullskala. Eit mindretal i utvalet tilrår rask iverksetting av velferdspolitiske tiltak og argumenterer med at tildeling av velferdsgode inneber utøving av offentlig mynde som ikkje skal skje etter vilkårlege prinsipp.

Økonomi: Kan gi auka utgifter til opplæring for vaksne.

Klima: Ingen kjent effekt.

Folkehelse: Ingen kjent effekt.

Regional planstrategi: Ingen kjent effekt.

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev høyringsfråsegn til «NOU 2018:13 Voksne i grunnskole- og vidaregåande opplæring, finansiering av livsopphold (Livsoppholdutvalget)» slik det kjem fram av saka.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Høringsnotat-nou-2018-13

Fylkesrådmannen, 04.07.2019

Framstilling av saka

Kunnskapsdepartementet har sendt «NOU 2018:13 Voksne i grunnskole- og vidaregåande opplæring, finansiering av livsopphold (Livsoppholdutvalget)» på høyring. Hordaland fylkeskommune er høyringsinstans og har svarfrist til 30. august 2019.

Livsoppholdutvalget peikar på at kompetanse er ein viktig faktor for varig tilknytning til arbeidslivet i høyringsnotatet som ligg ved. For personar utan fullført grunnskule eller vidaregåande utdanning blir slik tilknytning til arbeidslivet stadig meir vanskeleg. NOU 2019:13 er ei vidareføring av Meld. St. 16 (2015-2016) og Innst. 362 S (2015.2016) som konkluderte med at det ikkje finst støtteordningar som er tilstrekkeleg tilpassa vaksne som treng opplæring på grunnskule- eller vidaregåande nivå. Her er ei liste over tiltaka som er foreslåtte og kapitla der dei blir omtalte.

- Dagpengar ved grunnskule og vidaregåande opplæring (kapittel 8)
- Lønnsrefusjon ved utdanningspermisjon (kapittel 9)
- Endringar i utdanningsstøtteordninga (kapittel 10)
- Vaksne i grunnskuleopplæring (kapitel 11)
- Gjennomføring av tiltak (Kapittel 7)

Utvalet er delt i synet på gjennomføring av tiltaka (kapittel 7). Fleirtalet ønskjer å avdekke effektar ved tiltaka på grunnlag av data og vitenskaplege standardar basert på tilfeldig utval. Grunngevinga er mellom anna at tiltaka er kostbare å innføre i fullskala og at ein difor ønskjer å måle effekten. Mindretalet meiner utvalet skal peike på velferdspolitiske tiltak, ikkje utvikle forskingsdesign. Grunngevinga for dette er tildeling av velferdsgode inneber utøving av offentleg mynde som ikkje skal skje etter vilkårlege prinsipp.

Høyringsnotatet

Vi viser til vedlagt høyringsnotat som gjer greie for fire forslag til tiltak frå utvalet. I høyringsnotatet bed kunnskapsdepartementet om høyringsinstansane sine syn på tiltaka slik kvar av dei er skildra i eige kapittel, 8 til 11, i NOU-rapporten. I tillegg ønsker departementet synspunkt på kapittel 7 som grunnjev forslag til iverksetting av tiltaka.

Kunnskapsdepartementet bed høyringsinstansane svare på desse spørsmåla:

1. «I hvilken grad mener høyringsinstansane at de fire hovedforslagene vil bidra til å øke voksnes deltakelse og gjennomføring av grunnskole- og vidaregåande opplæring?
2. Hvordan vurderer høyringsinstansane utvalgets øvrige forslag?
3. Hvilke faktorer er viktige for å kunne implementere forslagene?
4. Andre kommentarer?»

Høyringsuttale frå Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune stiller seg generelt positiv til rapporten der vaksne sitt livsopphald under grunnskule og vidaregåande opplæring blir utgreia. Støtte til livsopphald kan bidra til at fleire vaksne får sjanse til å fullføre utdanninga og få varig tilknytning til arbeidslivet. Vi legg til grunn at kompetanseheving, mellom anna vidaregåande utdanning, er viktig for den einskilde, men og for små og store bedrifter som får tilført naudsynt kompetanse. Å støtte vaksne med livsopphald under grunnskule og vidaregåande utdanning, kan vere god samfunnsøkonomi som bidreg til regional utvikling.

Nedanfor vil vi svare på dei fire spørsmåla i høyringsnotatet, men først vil vi kommentere målgruppa fordi den har relevans for svarea nedanfor.

Målgruppa

Livsopphaldsutvalet legg til grunn at målgruppa for tiltaka er heterogen, og at det difor er behov for ulike tiltak. Målgruppa rommar mellom anna flyktningar og innvandrarar som treng egne tiltak. Det er og i denne gruppa vi finn flest deltakarar utan fullført grunnskule med lang veg til fullført vidaregåande opplæring. Målgruppa rommar og ein stor gruppe vaksne som ikkje har fullført vidaregåande opplæring. Den viktigaste årsaka til dette er stadig nye kull som rundar 25 år utan fullført utdanning. Utvalet peikar på at vaksne møter fleire hindringar enn ungdom som kan gi utfordringar når dei tek utdanning i vaksen alder. Samstundes peiker utvalet på ein relativt stor gruppe med delvis fullført vidaregåande utdanning og stort potensiale for fullføring.

1500 nye kursplassar for vaksne vart oppretta i Hordaland fylkeskommune i 2018, men langt fleire søkte om plass. Ved inngangen til 2019 hadde 40 000 hordalendingar i alderen 25 til 49 år grunnskule som høgaste fullførte utdanning. Vi har identifisert tre hovudgrupper med vaksne søkarar: Flyktningar/minoritetsspråklege, vaksne med vaksenrett og vaksne utan vaksenrett med behov for ny vidaregåande utdanning.

Om lag 50 prosent av deltakarane er minoritetsspråklege. Tverretatleg samarbeid som gjev relevant arbeidserfaring og god overgang til vidaregåande opplæring, synast særleg viktig for denne gruppa. Vaksne med rett femnar vaksne med og utan yrkeserfaring. Dei mest sårbare i denne gruppa har med seg negative opplevingar frå skuletida, rusproblematikk og anna. Denne gruppa har særleg behov for at opplæringa er føreseieleg og med trygge rammer. Den tredje gruppa har behov for ny vidaregåande utdanning sjølv om dei tidlegare har fullført vidaregåande, anten fordi utdanninga er utdatert, fordi dei må omskolere seg eller fordi dei i lang tid har jobba som ufaglærte i ulike yrke. Deltakarar frå den siste gruppa har med seg verdifull erfaring og gjev betydelege bidrag inn i undervisninga. Den nye ordninga med fagbrev på jobb er relevant for delar av denne gruppa, men vi har og søkarar med yrkesutdanning som har behov for studiekompetanse for å ta høgare utdanning.

Svar på spørsmål 1

1. «I hvilken grad mener høringsinstansene at de fire hovedforslagene vil bidra til å øke voksnes deltakelse og gjennomføring av grunnskole- og videregående opplæring?»

Svar: Hordaland fylkeskommune støttar dei fire tiltaka med følgjande kommentarar:

Dagpengar ved grunnskule og vidaregåande opplæring (kapittel 8)

Livsopphaldutvalet drøfter endringar i regelverk for tildeling av dagpengar i kapittel 8. Hovudregelen er at personar ikkje kan motta dagpengar under utdanning. Personar utan fullført vidaregåande utdanning står svakt på arbeidsmarknaden, utvalet foreslår difor dagpengar under utdanning. I høringsnotatet heiter det:

1. «Dagpengar ved grunnskole- og vidaregåande opplæring.

Utvalget foreslår at det prøves ut en ordning der helt arbeidsledige uten fullført grunnskule eller vidaregåande opplæring som mottar dagpenger, skal kunne kombinere mottak av dagpenger med opplæring, uten krav om å være disponibel for arbeidsmarkedet. Utvalget foreslår at dagpenger ved opplæring settes til 60 prosent av ordinær dagpengesats, uavhengig av hvor lang dagpengeperiode de har rett til. Retten til dagpenger ved grunnopplæring under arbeidsledighet avgrenses til personer i alderen 30-55 år.»

Hordaland fylkeskommune støttar tiltak der vaksne kan kombinere dagpengar med grunnskule- og vidaregåande opplæring. Vi meiner at støtta må vere av ein storleik som gir den vaksne reell moglegheit til å velje utdanning og fullføre vidaregåande opplæring.

Dagpengar ved utdanning kan sikre at deltakarar fullfører vidaregåande utdanning og aukar sjansen til varig tilknytning til arbeidslivet. Primært meiner vi støtte til livsopphald for å fullføre vidaregåande opplæring bør innførast raskt. Vi tilrår dessutan at ordninga seinast startar det året deltakarane fyller 25 år og har vaksenrett, for å unngå nye barrierar for vaksne som er motiverte til å fullføre vidaregåande utdanning.

I kapittel 7 drøfter utvalet korleis ordninga kan gjennomførast. Utvalet foreslår tilfeldig tildeling av støtte på individnivå. I NOU-rapporten heiter det:

«Utvalget anslår at det årlig maksimalt vil være 6 500 personer som vil være kvalifisert. En forsøksperiode på to til tre år vil måtte omfatte hele gruppen dersom en skal ha en mulighet til å avdekke arbeidsmarkedseffekter på lengre sikt. Utvalgets flertall fremhever at måten man velger ut dem som skal få tilbud om mulighet til utdanning med dagpenger på, er kritisk for å kunne kartlegge effekter. En systematisk tilfeldig tilordning kan skje på ulike nivåer, men beregninger viser at tilfeldig tildeling på individnivå (for eksempel fødselsdato) er nødvendig for å kunne kartlegge effekter av realistisk størrelse.»

Hordaland fylkeskommune har forståing for ønsket om å prøve ut støtteordningar, men stiller spørsmål ved om vilkårleg tildeling av støtte er riktig tilnærming? Grunngevinga for dette er at sårbare personar i målgruppa har behov for føreseielege rammer og positive møte med offentleg mynde for å lukkast med å fullføre utdanninga. Vilkårleg tildeling fører til at personar med og utan støtte til livsopphald kan sitje side om side i same klasserom, noko som kan gje unødig støy inn i læringsarbeidet. Dersom det er behov for utprøving vil vi foreslå at dette blir gjennomført fylkesvis. Ei slik tilnærming gjev gode høve til å samle inn og analysere data på individ- og regionnivå, og samanlikne mellom fylke.

Lønnsrefusjon ved utdanningspermisjon (Kapittel 9)

Arbeidstakarar utan fullført grunnopplæring har ofte lav inntekt og svak stilling på arbeidsmarknaden. Livsopphaldsutvalet foreslår difor lønnsrefusjon ved utdanningspermisjon for ei avgrensa målgruppe som innfrir kriteria for utdanningspermisjon, som nedfelt i arbeidsmiljølovens § 12-11. Ordninga skal gjelde for tilsette i private verksemdar med færre enn 50 tilsette. I høringsnotatet heiter det:

1. Lønnsrefusjon ved utdanningspermisjon.

Utvalget anbefaler at det prøves ut en ordning med lønnsrefusjon ved utdanningspermisjon for en begrenset målgruppe. Refusjonsordning for lønnsutgifter ved utdanningspermisjon innrettes mot arbeidsgiver, og bevilges basert på en søknad utarbeidet i samarbeid mellom arbeidsgiver og arbeidstaker. Ordningen avgrenses til å gjelde personer som innfrir kriteriene for utdanningspermisjon. Ordningen avgrenses vidare til å gjelde for personer med minst 75 prosent av ordinær heltid på søknadstidspunktet, og som har vært ansatt i minst tre år.»

Svar: Hordaland fylkeskommune sluttar seg prinsipielt til tiltaket om lønnsrefusjon ved utdanningspermisjon. Tiltaket er viktig for tilsette, men like viktig for bedrifter. På sikt foreslår vi at ordninga blir utvida til å gjelde for offentlege institusjonar og søkarar med stillingsprosent som er lågare enn 75 prosent.

Utvalet tilrår at støtte blir tildelt vilkårleg basert på poengsetting av søknader. I NOU-rapporten heiter det:

«Utvalget anbefaler at det settes av en øvre økonomisk ramme for tiltaket. For å kunne måle effekter av støtteordningen må det etableres kontrollgrupper som i forventning er like før lønnsrefusjon gis. Utvalgets forslag innebærer at de kontrafaktiske utfallene for arbeidstakere som får støtte kan måles ved hjelp av utfall for godkjente søknader som ikke fikk innvilget lønnsrefusjonstøtte. Et sett av kriterier gir hver søknad en karakter som gir en inndeling av søkerne i grupper. Deretter tilordnes et visst antall lønnsrefusjoner til hver gruppe med en tildelingsandel som er høyere, jo høyere karakteren er. Innenfor hver gruppe trekkes det ut tilfeldig hvilke søknader som får støtte. Denne tildelingsprosedyren sikrer at man både kan prioritere søknader man mener er de beste i henhold til formålet med ordningen, samtidig som det i ettertid er mulig å avdekke effekter på både opplærings- og arbeidsmarkedsutfall.»

Hordaland fylkeskommune meiner ei slik vilkårleg tildeling av midlar kan vere eit unødig hinder for den einskilde. Ordninga gir dessutan usikre vilkår for bedrifter som ønskjer å tilby fagutdanning til ei samla gruppe tilsette. Dersom det er behov for utprøving av tiltak vil Hordaland fylkeskommune foreslå fylkesvis utprøving. Ein slik tilnærming gjev gode høve til å samle inn og analysere data på individ-, bedrift- og regionnivå.

Endringar i utdanningsstøtteordninga (Kapittel 10)

Lånekassen er primært ei finansieringsordning for høgare utdanning, og regelverket er ikkje tilpassa den aktuelle målgruppa. Utvalet foreslår difor ei betre tilpassing. Forslaget dekkjer tre hovudområde: endring av støttekriterium, endring av storleik på støtta og moglegheit om inntektsavhengig tilbakebetaling. I høyringsnotatet heiter det:

1. «Endringar i utdanningsstøtteordninga.»

Utvalget foreslår en rekke endringer i utdanningsstøtteordninga, for å tilpasse Lånekassens tilbud til voksne i grunnskole- og vidaregåande opplæring. For å tilrettelegge for endringar foreslår utvalget å skille regelverket for voksne elever i grunnopplæringa frå regelverket for studenter. De fem ulike endringsforslagene for voksne i Lånekassen er å:

1. gjøre utdanningsstøtten mer tilpasset fleksibel opplæring og kortere moduler
2. heve stipendandelen av basisstøtten fra 40 til 60 prosent
3. innføre mulighet for et tilleggslån for voksne i vidaregåande opplæring
4. utvide målgruppen for flyktningstipendet
5. innføre tilbud om inntektsavhengig tilbakebetaling»

Svar: Hordaland fylkeskommune støttar forslaget.

Vaksne i grunnskuleopplæring (grunnskulestønad), (Kapittel 11)

Vaksne utan grunnskuleopplæring har avgrensa moglegheiter til å finansiere eigen utdanning. Livsoppaldutvalet peiker på grunnskuleopplæring og vidare utdanning gjev gevinst for samfunnet i form av auka deltaking i arbeidslivet, meir stabile arbeidsforhold og redusert behov for inntektssikring for målgruppa. Dei tilrår difor kommunal grunnskulestønad. I høyringsnotatet heiter det:

1. «Voksne i grunnskuleopplæring (grunnskulestønad)»

Utvalget foreslår en kommunal grunnskulestønad. De fleste voksne utan fullført grunnskuleopplæring er innvandrere med fluktbakgrunn. Flesteparten er utan stabilt lønnet arbeid, og med livsoppholdet sikret via ulike offentlige inntektssikringsordningar. Utvalget foreslår at det etableres en kommunal grunnskulestønad på 2G årlig ved fulltids opplæring, og med tildeling basert på en individuell vurdering av behov. Kommunene vurderer selv behovet for å etablere stønadsordninga, og om det eventuelt skal skje i samarbeid med andre kommuner. Vurdering og tildeling av grunnskulestønaden foretas etter eventuell deltaking i introduksjonsprogrammet, slik at disse to ordningene fungerer sammen i den enkelte kommune. Grunnskulestønaden kan kombineres med utdanningsstøtten i Lånekassen for voksne, med de begrensningene som finnes i Lånekassens regelverk.»

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget. Rammene for grunnopplæringa påverkar vaksne sin moglegheit til å fullføre vidaregåande utdanning. Ein kommunal grunnskulestønad kan vere eit viktig bidrag til dette.

Grunnlaget for endra støtte til livsopphold (Kapittel 7)

Utvalet ønskjer trinnvis iverksetting av tiltaka for å undersøke effekten, men er delt i synet på gjennomføring av tiltaka (kapittel 7). Fleirtalet ønskjer å avdekke effektar ved tiltaka på grunnlag av data og vitskaplege standardar basert på tilfeldig utval. Grunngevinga er mellom anna at tiltaka er kostbare å innføre i fullskala og at ein difor ønskjer å måle effekt. Mindretalet i utvalet tilrår rask iverksetting av velferdspolitiske tiltak og argumenterer med at tildeling av velferdsgode inneber utøving av offentlig mynde som ikkje skal skje etter vilkårlege prinsipp.

I høyringsnotatet heiter det:

«Alle tiltakene er kostbare å innføre i fullskala. Utvalget begrunner hvorfor de mener tiltakene vil virke, men mener at effektene likevel ikke er sikre nok til at det er forsvarlige å innføre tiltakene i fullskala med en gang. Utvalget anbefaler derfor at iverksettingen av tiltak skjer skrittvis for å etablere kunnskap om fornuftige administrative løsninger, og sannsynliggjøre positive effekter på utdanningskarrierer og arbeidsmarkedsutfall.»

Svar: Hordaland fylkeskommune støttar rask iverksetting av støtte til livsopphald.

Å investere i vidaregåande utdanning er eit viktig val for den einskilde vaksne. Fullført utdanning aukar sjansen for varig tilknytning til arbeidslivet for den einskilde og høg yrkesdeltaking i samfunnet generelt, i tråd med intensjonen for NOU-rapporten. Erfaringa frå Hordaland er at uro rundt personleg økonomi kan vere eit hinder for å lukkast. Rask innføring av ei støtteordning som gir den vaksne reell moglegheit til å velje utdanning er difor viktig.

Vi har forståing for at utvalet ønskjer ei trinnvis gjennomføring av tiltak som er kostbare i fullskala. Samstundes stiller vi spørsmål ved om vilkårleg tildeling er riktig tilnærming for den aktuelle målgruppa? Dersom det er behov for utprøving foreslår vi fylkesvis utprøving som gir føreseielege rammar for den einskilde, bedriftene og regionene. Ei fylkesvis utprøving vil dessutan hindre unødig byråkrati og lette arbeidet med søknadar og tildeling av støtte for sakshandsamarar. Det gir og gode vilkår for å samle data på fleire nivå, analysere og samanlikne mellom fylke.

På individnivå er vår grunngeving for å tilrår fylkesvis utprøving, framfor vilkårleg tildeling, mellom anna at vi har erfart at vaksne som tar utdanning, har behov for trygge og føreseielege rammer, og fråvær av hindringar. Utvalet peikar sjølv på at delar av målgruppa har med seg negative opplevingar frå skuletida og annan problematikk som kan vere eit hinder i læringsarbeidet. Vilkårleg tildeling av støtte kan for den einskilde opplevast som eit nytt nederlag dersom dei får avslag. I praksis kan personar med og utan støtte til livsopphald sitje side ved side i same klasserom, noko som kan skape unødig støy inn i læringsarbeidet. Vi har vanskeleg for å sjå korleis vilkårleg tildeling av støtte heilskapleg gagnar målgruppa?

Fylkesvis utprøving gir bedrifter sjanse til å tilby fagutdanning til ei samla gruppe medarbeidarar og styrke kompetansen i organisasjonen. Bedrifter får dessutan sjanse til å samarbeide om å tilby fagutdanning til eigne tilsette og dermed løfte bransjen. Eit slikt resultat vil indikere at tiltaka har god effekt. I Hordaland har vi døme på slikt bransjesamarbeid mellom anna innan akvakulturfaget. Fylkesvis utprøving legg til rette for å løfte bedrifter og regionar i prøveperioden og samle kunnskap om dette.

2. «Hvordan vurderer høringsinstansene utvalgets øvrige forslag?»

Livsopphaldutvalet foreslår fleire tiltak. I høyringsnotatet heiter det.

«Utvalgets øvrige anbefalinger:

Utvalget har også drøftet øvrige relevante temaer der utvalget mener dagens regelverk, praktisering og strukturer kan være begrensende for voksnes deltakelse i grunnskole- og videregående opplæring. Utvalget anbefaler:

- å vurdere om videregående opplæring for voksne bør utvides til å gjelde alle som ikke har fullført og bestått videregående opplæring
- å bedre kvalitet på administrative data for søking, tilbud og deltakelse i videregående opplæring for voksne
- myndighetene å vurdere en alternativ struktur for dekning av kostnader ved formidling av lærekontrakter og oppfølging av lærlingene under opplæringen, i samarbeid med partene i arbeidslivet og opplæringskontorene
- å kutte ut privatistgebyret ved førstegangs eksamensforsøk, og heller innføre et gebyr dersom eleven/lærlingen uteblir fra eksamen
- at det utvikles fleksible, modulstrukturerte løsninger i introduksjonsprogrammet der undervisningen er tilrettelagt for minoritetsspråklige.»

Svar: Hordaland fylkeskommune støtter forslaga.

Utviding av vaksenretten kan sikre alle voksne moglegheit til å fullføre vidaregåande utdanning, og bidreg til å fjerne tvil om korleis «fullført vidaregåande opplæring» skal tolkast.

3. «Hvilke faktorar er viktige for å kunne implementere forslagene?»

Svar: Basert på erfaringar med målgruppa har Hordaland fylkeskommune desse innspela på spørsmålet:

1. Delar av den heterogene målgruppa av voksne står utan fullført vidaregåande opplæring fordi dei som ungdommar har hatt ulike lærevanskar. Desse vanskane vil følge den einkilde inn i vaksenopplæringa. Regelverk og midlar som støttar spesialundervisning for voksne kan vere ein naudsynt faktor for implementering av tiltaka.
2. Føreseielige regler og gode rammer for voksne som vil ta utdanning. Vi tilrår difor støtte av ein storleik som gir voksne reell sjanse til å ta utdanning. Vi tilrår dessutan fylkesvis utprøving av tiltak framfor bruk av vilkårleg tildeling.
3. Rammer som legg til rette for tverretatleg samarbeid og koordinering til beste for den voksne.
 - Tidleg kartlegging og planlegging av utdanningsløp.
 - Gode overgangar mellom grunnskule og vidaregåande opplæring.
 - Relevant yrkeserfaring med tanke på yrkesutdanning.
 Dette er mellom anna viktig for flyktningar på introduksjonsprogrammet.

4. Andre kommentarar?

Konklusjon på høyringa

Hordaland fylkeskommune stiller seg positiv til tiltak som sikrar voksne livsopphald under grunnskule- og vidaregåande utdanning. Det er viktig at støtta samla sett er av ein storleik som gjer utdanning til eit reelt alternativ for den voksne.

Frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv meiner vi flest mogeleg må få sjansen til å fullføre vidaregåande utdanning. Støtte til livsopphald er viktige bidrag for den einskilde, men tiltaka kan og bidra positivt for bedrifter og lokalsamfunn.

Primært støttar vi rask innføring av tiltaka. Sekundært foreslår vi fylkesvis utprøving framfor vilkårleg tildeling, dersom det er behov for å måle effekten av tiltaka.

Hordaland fylkeskommune støtter utviding av vaksenretten.